



## Lokaldemokrati

Skal det vera mogleg for folk flest å delta i og ha innverknad på samfunnslivet, må ein leggja tilhøva til rette for det. Venstre meiner at folk som er aktive i styre og stell, skapar verdiar og fremjer fellesskap.

I ei tid med store investeringar er det særstakt viktig å prioritera rett og halda seg innafor dei økonomiske rammene.

### Sauda Venstre vil:

- at makta skal tilbake til politikarane slik at dei får større respekt og meir påverknad i politiske saker.
- ha ei ope haldning i forvaltning og redusera byråkratiet
- trekka inn ikkje-folkevalde representantar for å sikra brei kunnskap når ein skal ta avgjerd i lokale saker.
- arbeida for eit funksjonelt ungdomsråd.
- vera ombudsmenn for publikum ovafor rikspolitikarane
- at Sauda kommune skal vera medlem i LNK(Landsamanslutninga av nynorskkommunar)
- at ei eventuell endring av kommunestrukturen først kan skje etter folkeavrøysting

## Venstre sine kandidatar i Sauda

### 1. Vegard Bjørnå Floa (1966)

### 2. Knut Sausa (1950)

3. Kirsten Hellerdal Fosstveit (1987)

4. Kjetil Fløgstad (1955)

5. Wenche Johnsen (1946)

6. Ola Breivik (1961)

7. Eirik Fosstveit (1992)

8. Hanne Gro Fingann (1958)

9. Anne Tangeraas Løyning (1969)

10. Aslaug Astad (1944)

## Våre toppkandidatar



### 1. Vegard Bjørnå Floa

Saksbehandler Nav Forvaltning Sauda. Leder i Sauda Venstre siden 2004. Kommunestyrrerepresentant 2007-2011. Opptatt av lokaldemokratiets vilkår, og at politikarne skal vera velgjerane sit ombud i og utanfor kommunen. Kan kontaktes på telefon 90677915



### 2. Knut Sausa

Idrettsfaglig lærer ved Sauda Vgs. Tidligare representant i kommunestyret for Sauda Venstre.

## Alle har ansvar for kvarandre, for miljøet og for komande generasjonar.

Eit godt miljø er ein føresetnad for god helse og trivsel. Sauda Venstre vil i alle saker ta særleg omsyn til miljøet og vera estetisk bevisst slik at Sauda verkar velstelt og vert trivelegare å bu i.

"Venstre er det sosialliberale sentrumspartiet, eit alternativ til sosialisme og sosialdemokrati som hemmar fridommen, og til høgresida som bryr seg for lite om fellesskapet."

[www.sauda.venstre.no](http://www.sauda.venstre.no)

# Program Sauda Venstre 2011 – 2015

## Folk først

«Menneske er viktigare enn system.  
Venstre prioriterar folk først.»

  
SAUDA  
venstre

# Miljø

Berekningar syner at så mykje som 15 % av norske klimautslepp kan kuttast gjennom lokale tiltak. Lokale tiltak vil difor vera eit vesentleg bidrag til å redusera utslepp av klimagassar.

## Venstre vil:

- at Sauda kommune i størst mulig grad skal praktisera etisk handel
- at Sauda kommune opprettar ein miljøpris
- at kommunen ved nyinnkjøp kjøpar bilar som kan nytta låg- eller nullutsleppsteknologi slik som sertifisert biodrivstoff, elektrisitet eller hydrogen.
- at alle kommunale bygg som ikkje kan byggjast om til passivhusstandard, vert varma opp ved hjelp av energieffektive metodar slik som fjernvarme, biobrensel, sjø- eller jordvarme.
- at kommunen kjøper inn miljøvenlege varer og tenester.
- at kommunen held fram med å leggja til rette for turstiar.
- ha kommunalt forbud mot sal av øl og sider på glassflasker.
- behalda torget bilfritt der det er i dag.
- innföra parkeringsavgift og nytta pengane til opprusting av sentrum og vedlikehald og drift av utebassengen.
- prioritera rydding og vedlikehald i og rundt all kommunal eigedom




# Kultur og næring

Ein føresetnad for å skapa og ta vare på arbeidsplassar er eit rikt kulturliv og eit triveleg miljø. Det er viktig å leggja til rette for ei heilskapstenking innafor turisme og nytta kultur/idrett som næring.

## Sauda Venstre vil:

- nytta kulturarven i ei aktiv marknadsföring av Sauda sitt sær preg.
- arbeida for å knytta til seg fagfolk og satsa profesjonelt for å utvikla kulturvern, turisme og museumsarbeid.
- ha godt samarbeid med dei andre ryfylke kommunane
- støtta eit mangfoldig kulturliv
- støtta opp om entreprenørskap/gründerverksemd og etablert næring



# Samferdsel


Gode kommunikasjoner både i og ut av kommunen er viktige for å skapa utvikling og gje grunnlag for eit godt liv.

## Sauda Venstre vil:

- utbeta dei kommunale vegane
- oppretthalda kollektivtilbodet i kommunen
- prioritera rassikring og utbetring av Ropeidvegen som den einaste farbare vegen ut or bygda om vinteren
- styrka kollektivtilbodet på fjorden Sauda - Stavanger og korrespondansen Sauda - Bergen
- sikra ei utbygging av veg Sauda - Etne
- arbeida for å få realisert Haukelibanen
- arbeida for betre samferdselstilbod mellom kommunane i Ryfylke

# Skule

Skulen er og skal vera ein av våre viktigaste almenndannande samfunnsinstitusjonar, både som demokratibyggar, kunnskaps- og kulturberar.



## Sauda Venstre vil:

- arbeida for ein god offentleg skule
- oppretthalda høg standard på skulanane
- halda på dei økonomiske rammene pr eleven har i dag
- utvikla og betra samarbeidet mellom skule og ressurspersonar innan lokalhistorie for å gjera elevane kjende med historia og verta stolte av heimstaden sin for så å marknadsföra han positivt.
- leggja til rette for kompetanseheving i skulen
- arbeida målretta mot skuleleie elevar for å hindra fråfall i vidaregåande skule.
- arbeida for å leggja tilhøva til rette for Sauda vidaregåande skule

# Barn og unge

Det er viktig at barn og unge trivst og har ein god oppvekst. Ein må leggja tilhøva til rette på ein slik måte at dei unge kjenner ansvar og tilknytting til heimstaden sin og sjølv vil arbeida aktivt mot negativ utvikling.

## Sauda Venstre vil:

- sikra økonomiske midlar til dei friviljuge organisasjonane for å gje dei betre arbeidsvilkår
- styrkja det førebyggjande helsearbeidet
- motivera til rekruttering av fleire natteravnar
- oppretta stilling som ungdomsarbeidar
- oppretthalda høg standard på barnehagane
- at Sauda skal vera ein aktiv MOT-kommune



# Sosialt ansvar

Alle innbyggjarar uavhengig av stand og stilling skal ha eit fullgodt velferdstilbod.

## Sauda Venstre vil:

- arbeida for å få på plass ein boligsosial handlingsplan slik at ein kan tilby boligar til vanskelegstilte boligsøkjrar
- oppretthalda tilbodet om startlån tiltrengjande gjennom husbanken
- sikra ein fortsatt god seniorpolitikk
- arbeida for å følgja opp at lovpålagde tenester blir følgde opp med nok ressursar
- arbeida for at kommunen opprettar langtids sjukeheimsplassar
- gjeninnföra den kommunale vaktmeisterordninga for eldre og uføre slik at dei kan bu lengst mogleg i eigen bustad.

